



PROTOKOLL

Årsmøte, Fagforbundet Helse Førde, avd 747.

Stad: FSS, auditoriet, Førde
Storstova NPS, Nordfjordeid
Kantina ISP, Sogndal
Alle lokasjonane var kopla saman digitalt via Join.

Tid: 29.01.2024 kl 18:00

Frammøtte: 11 medlemmer i Førde
6 medlemmer på Nordfjordeid
9 medlemmer møtte i Sogndal

Katrine Froestad frå Fagforbundet Vestland var digital gjest på årsmøtet. Ho hadde ein presentasjon og fortalte frå hennar besøk i Fagforbundet sin barneby i Huambo, Angola.

Protokoll Årsmøtet 2022

1. Opning.

Leiar, Sølvi Anne Birkeland, opna årsmøtet med å ynskje alle velkomne og gjekk gjennom kunngjering og innkalling.

Kunngjeringa har vore slik:

17. desember 2023 Publiserte kunngjering om årsmøte på heimesida til Fagforbundet avd. 747 Helse Førde, la ut info på den offentlege FB sida til Fagforbundet Helse Førde. Sende sms til alle medlemmer med registrert mobilnummer.

Kunngjering/ordlyd på SMS til alle medlemmer: Dato for årsmøte 29.01. Kan delta ved å møte opp på NPS; ISP eller auditoriet på Førde



Sentralsjukehus. Frist for å sende inn saker som skal handsamast av årsmøte må vere styret i hende innan 8. januar.

- 11. januar 2024** Informasjon om årsmøte med saksliste lagt ut på heimesida.
Sender ut informasjon om årsmøte på SMS, FB + Heng opp plakatar rundt omkring på arbeidsplassar i Helse Førde.
- 18. januar 2024** Alle dokument til årsmøte vert lagt ut på heimesida.
- 22.-28. Januar 2024** Leiar sender ut informasjon til alle jubilarar på mail eller sms, sms for dei som ikkje har mail adresse

Sakliste:

1. Opning
2. Konstituering
3. Årsmelding
4. Handlingsplan
5. Rekneskap
6. Revisjonsmelding
7. Innkomne saker
 - Løyvingar:
 - *Krisesenteret Sogn og Fjordane*
 - *Norsk Folkehjelp*
8. Budsjett
9. Val etter vedtektene

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent

2. Konstituering

Framlegg frå styret på:

Møteleiar: Petter Ratvik
Referent: Randi Aven

2 til å signere protokollen: Rikke Due og Kari Daltveit

Vedtak: Godkjent

3. Årsmelding

Leiar, Sølvi Anne Birkeland gjekk gjennom årsmeldinga frå styret for 2023 (ligg ved protokollen)

Vedtak: Ingen merknadar i møtet
Årsmeldinga vart godkjent



4. Handlingsplan 2023

Leiar gjekk gjennom framlegg frå styret til handlingsplan 2023 (handlingsplanen ligg ved protokollen).

Vedtak: Ingen merknadar i møtet
Handlingsplan for 2023 vart godkjent

5. Rekneskap

Rekneskap for 2023 vart gjennomgått av kasserar Per Solheim. Fagforbundet Helse Førde har hatt god styring av økonomien i perioden. Vi har eit overskot på 19 320,73 (rekneskapen ligg ved protokollen).

Vedtak: Ingen merknadar i møtet
Godkjent

6. Revisjonsmelding

Kasserar Per Solheim las opp revisjonsmeldinga (ligg ved protokollen)

Vedtak: Årsmøtet tok revisjonsmeldinga til vitende

7. Innkomne saker

1. Framlegg frå styret på løyvingar:

- kr 4000,- til Norsk Folkehjelp, øyremerka Gaza
- kr 4000,- til krisesenteret i Sogn og Fjordane

Vedtak: Framlegg til løyvingar vart godkjent

8. Budsjett

Budsjettframlegg frå styret for 2024 vart gjennomgått av kasserar Per Solheim. Budsjettet syner ein balanse på kr. 848 500,-. Budsjettet er eit rammebudsjett, og det kan komme endringar mellom dei ulike postane i løpet av året (budsjettet ligg ved protokollen)

Vedtak: Ingen merknadar i møtet
Godkjent



9. Val etter vedtektene

Valkomiteen har bestått av Wenche H. Mæland og Wenche Eikevik. Valkomiteen hadde dette framlegget, og dei som er på val står med utheva skrift:

Verv	Namn	Periode	
Leiar	Tove Nødseth	2024 – 2025	Ny
Nestleiar	Sivert Rømo	2024 – 2026	Ny
Styremedlem/Sekretær	Randi Aven	2023 - 2025	
Kasserar	Per Solheim	2024 – 2026	Attval
Opplæringsansvarleg	André Vindedal	2023 – 2025	
Styremedlem	Mathias Hatlestad	2024 – 2026	Ny
Styremedlem	Wenche Hosteland Mæland.	2024 - 2026	Attval
1.vara til styret	Sølvi Anne Birkeland	2024 – 2026	Ny
2.vara til styret	Marit Solveig Nedrebø	2023 – 2025	
Leiar yrkesseksjon Helse og Sosial	Britt Karin Indrebø	2024 – 2026	Ny
Vara	Nancy Fossheim Lykkebø	2024 – 2026	Ny
Leiar yrkesseksjon Kontor og Administrasjon	Dan Robin Systad Fludal	2024 – 2026	Ny
Vara	Lene Mathea Hetle	2024 – 2026	Attval
Leiar Yrkesseksjon Samferdsel og Teknisk	Sakiba Arnautovic	2024 – 2026	Ny
Vara	Rosa Avendano	2024 – 2026	Ny
Ungdomstillitsvald	Dorthe Selseng	2024 – 2026	Ny
Vara	Ann Kristin Husabø Frøyen.	2024 - 2025	Attval
Pensjonistillitsvald	Torunn Husdal	2023 – 2025	



Vara	Bodhild Nyhammer Bakke.	2024 – 2026	Ny frå 1.aug.23
Revisor	Laila Hovlandsdal	2024 – 2026	Attval
Revisor	Per Scott Olsen	2023 – 2025	
Vara revisor	Petter Ratvik	2024 – 2026	Ny

Valkomiteen ber årsmøte om at styret får mynde til å gjennomføre naudsynte suppleringsval i perioden.

Representantar til Fagforbundet Vestland sitt representantskap 2024:

1. Tove Nødseth
2. Sivert Rømo
3. Randi Aven

Vara:

1. Wenche Hosteland Mæland
2. Andrè Vindedal
3. Per Solheim
- 4.

Valkomiteen ber årsmøte om at styret får mynde til å velje 4. vara til representantskap 2024.

Pensjonist og uføreutval:

Leiar: Torunn Husdal
Bodhild Nyhammer Bakke
Kari Daltveit

Valnemnd:

1. Wenche H. Mæland
2. Wenche Eikevik
- 3.

Valkomiteen ber årsmøte om at styret får mynde til å velje 3. medlem i valkomitéen

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg vart einstemmig vedteke.
Årsmøte gir styret fullmakt til å føreta naudsynte suppleringsval i perioden.



10. Avslutning

Avslutningsvis informerte avtroppande leiar om at jubilarar med 25 og 40 års medlemskap i 2024 vil få ein invitasjon til ei markering i løpet av året. Det er ikkje avgjort om det blir ei felles markering eller om vi markerer fleire plassar, t.d. i Lærdal, Norfjordeid og Førde. Sølvi Anne Birkeland og Petter Ratvik var blant dei frammøtte i Førde som går ut av styret og dei fekk kvar sin blomsterbukett, også nyvald leiar Tove Nødset fekk overrekt blomster på ISP med gode ynskjer og lykke til i vervet. Avtroppande leiar, Sølvi Anne Birkeland takka til slutt for frammøtet og ønska det nye styret lukke til med vala og arbeidet i kommande år.

Møtet slutt ca kl. 20:15

Etter møtet vart det servert pizza på alle lokasjonane.

Ved protokollen:
Randi Aven

Kari Daltveit

Rikke Due